

VENNEBLADET

Organ for Ishavsmuseets Venner. Nr. 1/99.

Kjære museumsvenn.

Først vil vi takke deg fordi du gjennom ditt medlemsskap støtter vårt arbeid. Det betyr mykje for oss.

Vi er glad for på denne måten å kunne informere deg om noko av det som skjer. Dette medlemsbladet reknar vi med vil kome ut minst ein gong i kvartalet. Ishavsmuseet vil sjølv gi informasjon om arrangementer og tilstelninger av ymse slag.

Det er spalteplass for ytringar og forslag.

VEDTEKTER § 1 FØREMÅL.

"Foreininga Ishavsmuseets Venner har som hovedføremål -å støtte arbeidet til Ishavsmuseet i Brandal. Dette skal skje gjennom økonomisk tilskot, ved dugnadsarbeid, tilstellingar og andre tiltak som er til nytte for museumsverksemda. - Foreininga tek og sikte på å vere eit forum for ordskifte og foredrag om ishavs- og fangstverksemd i arktisk, antarktisk og polare strok. -Foreininga vil dessutan fokusere på museumsarbeid, kulturvern, forskning, og utvikling og mellom anna prøve å legge forholda til rette for studieverksemd, for til dømes hovedfagstudentar."

VENNEFORENINGA - ER NOKO ARBEID GJORT ALLEREIDE ?

-Venneforeininga har skaffa over 200 stablestolar til Museet. Det var kjærkoment og nyttig.

Verving av nye medlemmer.

Kjenner du nokon som ønskjer å bli medlem i Venneforeininga ? Eller nokon som du trur kunne ha interesse ? Send vedkomande sitt namn og adresse og vi skal ta kontakt.

KVIFOR VENNEFORENING ?

Dei fleste idealistiske organisasjonar har eit støtteapparat kring seg. Etterkvar som Ishavsmuseet vokste og fekk ei fastare form såg Henrik Landmark kor naudsynt det var med å ha eit støtteapparat - eit apparat som utvida kontaktfleta og som slo ring rundt museet. Arbeidsgruppa som la fram forslag kom til at Ishavsmuseet trond både eit støtteapparat og ei venneforeining. På skipingsmøte 10.oktober 1998 ble navnet :

ISHAVSMUSEETS VENNER

Postboks 20, 6062 Brandal fastsett.

MEDLEMSKAP.KONTINGENT.

Alle som er interessert i og ønskjer å støtte arbeidet til Ishavsmuseet er velkomne som medlemer. Det er tre medlemsformer:

- Personleg medlemsskap
- Familiemedlemsskap
- Bedrifts-,lags - eller institusjonsmedlemsskap.

Medlemskontingent:

Enkeltmedlem kr 100.- Bedrift kr 500.- Familie kr 200.-

Valgt styre som fungerer fram til årsmøte våren år 2000:

Bjarne J Brandal Leder(T: 700 25340)
Lars Brandal Nestleder(T: 700 93765
Arnfinn Karlsen (T:700 84262)
Johannes Alme (T: 700 14185)
Liv Skarbakk (T 700 93100)
Hilde Landmark Kasserer (T:700 92540)
Ottar M Brandal (T:700 92290)
Valkomite:
Nils N Pilskog
Ola Pilskog
Kjelrun Veiseth

Stor Aktivitet på Ishavsmuseet.

Kort historikk.

Ishavsmuseet Aarvak vart oppretta i 1981, og har som formål å take vare på dei rike tradisjonane vi har på vestlandet frå selfangst og anna virke i polare strøk. At museet vart lagt til Brandal kjem av at Brandal var eit senter for all selfangst frå vestlandet.

I 1998 kunne bygda feire 100 år med samanhengande selfangst. Det ser no diverre ut som at selfangsten frå Brandal er over. Ishavsmuseet fekk i 1984 hand om eit lite hus i sentrum av Brandal. Ein byrja her å samle gjenstandar og bilde. Det var først meinings og innreie lasteromet på "Aarvak" til museum. Dette viste seg lite eigna. I 1986 opna vi dørene for publikum, særstundes som samlingane vaks. Det viste seg fort at huset i Brandal sentrum var for lite. I 1990 kom så idéen med nybygg. Det vart no jobba med fleire alternativ, og ein sette seg som mål at vi kunne opne nytt museum til 100 års jubileet i 1998. Vegen fram var lang og tung. Men i 1996 fekk vi i gave "Gråbuda" av M. Karlsen a/s. 12.februar 1998 vart denne bygginga flytta med kran over på ny tomt. Arbeidet med ombygging til museumsformål starta for alvor. Målet var framleis opning til sesongen -98. Knappe 4 månadar seinare kunne vi opne dørene for publikum. Dette takka vere ein enorm dugnadsinnsats. Siste vekene vart det jobba utover nettene for å kome i mål.

Opning.

Frå 1. juni til 30. august heldt museet ope alle dagar frå kl. 13.00 til 18.00. Arbeidet med utstillingane gjekk vidare. Interessa kring museet var gledleg stor, og vi heldt ope nær kvar søndag utover hausten med kaffi og "polarvaffler". Når sesongen var over talde vi opp 3220 besökande. Ei dubbling av det vi hårte på dette første året.

Vi arrangerte to festar denne hausten. Begge med over 200 frammøtte. Dette syner igjen den store interessa. Den 18. desember fekk vi også "Aarvak" på land ved museet. Dette vil løfte museet opp mange hakk. Utfordringa no vil bli og halde skute og bygning i presentabel stand for publikum.

Andre aktivitetar, vidare arbeid.

Ishavsmuseet ga ut bok nr. 3 i serien "Skuter av tre --- mannskap av jern" til jul. Bok nr. 1 og 2 er no utselde, og opplaget minkar også på bok nr.3. Ishavsmuseet får på denne måten formidla viktig historie, og tilfører sårt trengande midlar til ei tom kasse.

Det vart også sett i gong ei kronerulling forgående haust. Denne går enno, og denne har gjort det mogleg for oss å lage nye og betre utstillingar i vinter.

Museet har vore stengt sidan jul, og vil opne igjen 1. mai. Vi kan då presentere mange nye spanande utstillingar. Vi kan nevne ei overvintringshytte i 3. etg., Svalbardrom i 2. etg. og komando bru i 1. etg. Det er dugnad på museet kvar dag, og vi jobbar for fullt for å presentere "nye" utstillingar til ny sesong. Vi vonar og at vi kan ha ferdig eit kurs/konferanse rom til opninga. Den offisielle opninga skal foregå den 24. april.

Vi har mange prosjekt på gang og ideane "står i kø". Men diverre må mange idear vente til seinare p.g.a. dårlig økonomi. Vi vonar at "ting kan løyse seg" framover våren. Stor takk til alle som har vore med å støtta arbeidet så langt, med deltagelse på kronerullinga og andre ting. Velkomne til ny sesong.

Webjørn Landmark
-styrar-



ISHAVSSKUTA "AARVAK"

Av Magnus Sefland.

Ishavsskuta "Aarvak" vart bygd av Kristian Dekke i Bergen for Bergens Sælfangere A/S i 1912. "Aarvak" var eit av dei første spesialbygde ishavsfartøya på Vestlandet. Fram til andre verdskrig vart dei fleste ishavsfartøy bygde med kutterskrog. "Aarvak" skilde seg ut frå det vanlege ved at ho vart bygd i kryssarfason. Som ny var skuta 90 ft lang og fekk installert ein dampmaskin på 74 ihk frå Laxevaag Maskin & Jernskibsbyggeri. Namnet sitt fekk skuta frå norrøn mytologi. Årvak er der namnet til den eine av to hestar som dreg sola over himmelkvellingen.

"Aarvak" vart sold til Peter S. Brandal i Brandal i 1915, midt under den sterke oppgangstida som ishavsnæringa hadde under første verdskrig. Då ordninga med register for fiske- og fangstfartøy vart innført i 1920, fekk "Aarvak" merket M 8 HD. I dei økonomisk vanskelege tidene på slutten av 1920-talet og på 1930-talet skifte skuta eigar to gonger. I 1927 overtok A/S Sørndmøre Sælfangere, og i 1933 A/S "Polarbjørn".


Etter andre verdskrig gjekk skuta gjennom sine mest omfattande ombyggingar. I 1948 vart dampmaskinen erstatta av ein Crossley dieselmotor på 400 bkh. I 1950 fekk skuta ombygd hekken i Risør, i 1953 vart baugen fornya ved Bolsønes i Molde, og i 1956 vart skuta forlengd i Tomrefjord. I 1964 fekk skuta ny motor, ein Wichmann diesel på 600 bkh.

Blant skipperane på "Aarvak" var særleg ein nært knytt til denne skuta: Johan S. Brandal, - kanskje vel så godt kjend under nemninga "Hau-Johan". Johan S. Brandal var ein dyktig ishavsskipper og førté skuta i lang tid. Men mest av alt var han kjend som ein fargerik personlegdom som kunne fortelje gode historier og som sjølv var opphav til mange slike.

"Aarvak" vart sold til G.C. Rieber i Ålesund i 1968 og fekk registeringsmerket M 81 A. Rieber selde skuta vidare til Odd Bjørklo i Balsfjord same året. Etter dette salet fekk skuta registeringsmerket T 148 B. Skuta var på fangst i Vestisen eller Austisen kvart år fram til 1981. Elles vart skuta nytta m.a. til bruksvakt og fraktfart.

I 1981 trong "Aarvak" ein del fornying. Bjørklo valde då å kondemnere skuta. Lokalhistoriske krefter i Hareid, med m.a. Henrik Landmark i brodden, greip sjansen til å bevare skuta som kulturmiljø. Ishavsmuseet "Aarvak" vart skipa og overtok skuta. Det var meininga å samle fangstreiskapar og utstyr om bord og bevare "Aarvak" som eit flytande museum.

Men utviklinga tok ei litt anna retning. Verning og drift av skuta vart ei stadig tyngre oppgåve. Museet fekk også ei samling på land som etter kvart vart ein etablert del av det polarhistoriske miljøet i Noreg. Ved 100-årsjubileet for den første fangstferda frå Sunnmøre til ishavet i 1898 fekk Ishavsmuseet eit nytt lokale. På same tid vart den tekniske tilstanden for "Aarvak" så dårlig at museet måtte gje opp håpet om å bevare skuta flytande. Med støtte frå Riksantikvaren vart det mogleg å setje "Aarvak" på land i ei særskild dokk like ved det nye museumsbygget i sentrum av Brandal. Dette vart gjennomført seinhausten 1998. Ved dokksetjinga målte "Aarvak" 112.8 fot/161 brt.



"Aarvak" fotografert i Vesterisen i 1917.

B

Vennebladet.

Vi vil prøve å kome ut med 4-6 utgåver i året. Innhaldet vil vere informasjon frå Venneforeninga og frå Museet. Dessutan vil vi i kvart nummer presentere ei ishavsskute. Lars Brandal , Webjørn Landmark og Johannes Bjarne Alme har klift og limt saman dette nummeret. Skutepresentasjonane vil Magnus Sefland ta seg av. Form og innhald av dette bladet vil sikkert endre seg, men har DU forslag til innhald, sit DU på ei interessant historie, eller ønskjer DU å skrive i bladet, så ta kontakt.

Komande aktivitetar for venneforeninga.

Den offisielle opninga av museet er fastsatt til 24 April. I tida fram til opninga er det mykje arbeid som skal gjerast, mangt er gjort sidan museet stengte dørene før jul, men mykje står enno for tur.

Grunna at museet er stengt, og mykje arbeid står på, vil Venneforeninga dessverre ikkje kunne arrangere medlemsmøte før etter den offisielle opninga. Men Fredag den 30 April klokka 1800 vil det bli halde medlemsmøte i Venneforeninga, her på museet.

Sjølv om det ikkje blir nokon felles samling før den tid, så har mange medlemmer vore innom museet i løpet av vinteren, blant anna for å hjelpe til med snikkararbeid, identifisering av bilder mm. Det har til tider vore ein sterk konkurrent til kaffitreffa som ein del eldre sjøfolk har på Konditoriet på Hareid dagleg. Det var i alle høve liv når Rotary snikra på Hoelsbu, Venneforeninga la plater på Svalbardrommet, Albert og Odd bygde fyrlykt og Ottar M. med fleire skulle namnsette personar på bilder.

I det vidare arbeidet framover har Venneforeninga spesielt lova å stille med mannskap for arbeid på skuta. Til den offisielle opninga ønskjer vi alle at "Aarvak" skal stå fram i eit betre ytre enn kva den gjer i dag.

Når det gjeld skuta, så har Ishavsmuseet eit eige styre som har ansvaret for den. Det styret har hatt ansvaret for å halde skuta flytande, og dei vil framleis vere ansvarlege for vedlikehaldet no etter at skuta har kome på land. Såleis er det dette styret som ber Venneforeninga om hjelp til å utføre ulike oppgåver.

I det arbeidet som Venneforeninga skal gjere, har Ottar M. Brandal og Nils Pilskog sagt seg villige til å vere våre ansvarlege. Av arbeid som Venneforeninga skal utført før komande sesong vil pussing og maling frå vannlinja til mastretoppen vere det dominante. Målet er at skuta skal vere presentabel utvendig (over vannlinja), og over hoveddekk til sesongstart. Som alle skjønar er vi avhengig av mange gode hjelparar og mykje fint ver i April.

Dugnad.

Til denne tid har dugnad vorte organisert etter "spør ein vi kjenner " prinsippet. Ein del som kunna tenkt seg å gjere ein innsats har kanskje ikkje blitt spurta. Med alle dei oppgåvene som vi har føre oss, så treng vi alle som kan gjere ein innsats. Du treng ikkje verken å vere maskinist, skipper eller snikkar for å kunne bidra, alle skal få gjere ein innsats.

Så kan DU tenke deg å gjere ein eller annan jobb, sei i frå til ein av oss i styret, og vi skal ta vel i mot deg.

Film og bilder.

Har du film eller bilder frå selfangst, Aust-Grønland, Arktis eller Antarktis liggjande ? Ishavsmuseet vil gjerne sikre den for framtida, enten ved å kopiere, eller ved at den blir overlate til museet.

Tips til Venneforeninga.

Har du idear som du synes Venneforeninga bør jobbe med ? Kontakt ein av oss i styret, og vi vil gå vidare med DIN ide.

*Ishavsmuseets
Venneforening*